



# Vurdering av innspel

Saksframlegg del 2

## Innhold

<b>Internnummer: 70 Beitostølen, mellom Aasgarden og Møsasvaø</b> .....	2
<b>Internnummer: 71 Rolistølen</b> .....	3
<b>Internnummer: 73 Sagastogovegen, ved nedre Hølen</b> .....	4
<b>Internnummer: 74 Rolistølen/Bjødnaholet</b> .....	6
<b>Internnummer: 77 Klyppmyrhaugen – Beitostølen</b> .....	7
<b>Internnummer: 78 Klyppmyrhaugen - Beitostølen</b> .....	9
<b>Internnummer: 79 Javnlie</b> .....	12
<b>Internnummer: 80 Luskeråsen</b> .....	13
<b>Internnummer: 82 Beitostølen – Dalejordet/Dalestølen</b> .....	14
<b>Internnummer: 83 Grønslie</b> .....	17
<b>Internnummer: 84 Javnlie</b> .....	19
<b>Internnummer: 85 Området over Bjødnabakkane</b> .....	22
<b>Internnummer: 88 Tjednbakkane – Beitostølen</b> .....	23
<b>Internnummer: 89 Tjednbakkane, nedover mot Åbortjernet</b> .....	24
<b>Internnummer: 90 Mellom Sindervegen og Klyppmyrvegen</b> .....	26
<b>Internnummer: 91 Stakkstølie</b> .....	28
<b>Internnummer: 92 Robøle/Mehovd</b> .....	30
<b>Internnummer: 93 Ved yttergrensa til Robølshøvda hyttfelt</b> .....	31
<b>Internnummer: 95 Beitostølen, nedanfor campingen</b> .....	32
<b>Internnummer: 96 Javnlie</b> .....	33

## Internnummer: 70 Beitostølen, mellom Aasgarden og Møsasvao

G/Bnr: 3/134


Størrelse:

Planstatus:

Område: Beitostølen, mellom Aasgarden og Møsasvao

### **Innspelet:**

Ber om at bandlegging av eiegen blir oppheva. Området er satt av til bebyggelse og anlegg i KDB og er med i områdeplan for Størrtjednlie. Raud linje er tenkt skiheis.



Figur 1. Tomt 3/134 med grønt omriss.

### **Vurdering:**

Kommunen endrar frå bandleggingssone til ei gjennomføringssone – H810 – Gjennomføringssone. Det er viktig å ta vare på arealet fram til ei avklaring om områdeplanen for Størrtjednlie.

### **Tilråding:**

Området vert endra frå bandleggingssone til gjennomføringssone (H810).

## Internnummer: 71 Rolistølen

G/Bnr: 30/26


Størrelse:

Planstatus:

Område: Rolistølen

### Innspelet:

Polygoneigedom i LNFR, ynskjer at den blir regulert til fritidsbebyggelse. Ligg i hensynsone kulturmiljø og landbruk i KDP.



Figur 2. 30/26 i mørkgrøn sirkel

### Vurdering:

Kommunen er positiv til ei endring frå LNFR til fritidsbebyggelse. Det ligg mellom Rolistølen og Bjødnahelet. Det vil vere krav om oppmåling før ev. byggesøknad.

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	
Naturmiljø	Ok	
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	Nei	Ikkje off. VA der no.
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	
Anna		

### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Føreslått utbyggingsområdet har kort avstand til etablert veg forbi området. Innspelet ligg omtrent 10 km frå FV. 51 med avkøyning ved Moane. Teigen ligger i eit lett skogkledd område med nær tilknytning til Bjørnaholhøgda i austleg retning. Området er godt eigna til fritids- og turistformål og området ligger i lett skrånande terreng med omkringliggende hytter. Området ligger omtrent 900 moh. Foreslått utbyggingsområde har flott utsikt mot vest. Byggeområdet berører ikkje våtmark eller sårbar grønstruktur og er godt eigna for utbygging.

Endring av føremålet på tomta vil ikkje ha sterke negative konsekvensar. Utbygging vil alltid påverknad på natur og klima. Området som heilskap er spreidd hytteområde, det er ikkje teknisk infrastruktur, VA, i området i dag. Det er hensynssone landbruk og bevaring kulturmiljø lagt over området.

For di tomta ikkje var bygd og ikkje oppmålt er den ikkje regulert som byggeområde ved sist revidering. Den er delt i frå ein gong i tida som støl, men er no registrert med føremål fritidseigedom. Arealet ligg i dyrkbar jord. Området inneheld ikkje viktige naturtypar eller arter av nasjonal forvaltningsinteresse.

### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet blir teke inn i plan

## **Internnummer: 73 Sagastogovegen, ved nedre Hølen**

G/Bnr: 6/5


Størrelse:

Planstatus:

Område: Sagastogovegen, ved nedre Hølen.

### **Innspelet:**

Ynskjer omregulering av deler av teigen frå LNFR til fritidsbebyggelse.



Figur 3. Nedre del av teigen 6/5 som i dag er regulert til LNFR.





Figur 4. Området som er ynskja til fritidsbebyggelse.

### **Vurdering:**

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	Ok	Ingen kulturminner registrert
Naturmiljø	OK	
Samfunnssikkerheit (ROS)	OK	
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	Nei	
Statlege planretningslinjer	Nei	
Arealstrategi	Nei	
Barn og unge	Ok	
Anna		

### **Tilråding:**

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.

## Internnummer: 74 Rolistølen/Bjødnaholet

G/Bnr: 30/1, teig 2


Størrelse:

Planstatus:

Område: Rolistølen/Bjødnaholet

### Innspelet:

Fortetting av eksisterande hyttefelt.



Figur 5. Delen av teig 2 som er aktuell for fortetting

### Vurdering:

Arealet ligg i eit område med spreidd fritidsbustad. Ved ei endring av arealformål vil det bli krav om høgare utnytting, og kan sjåast på som fortetting. KU og ROS-analysen har ikkje avdekkja forhold som er negative. Det vil bli krav om reguleringsplan før deling og bygging.

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	Eit par kulturminner registrert
Naturmiljø	Ok	
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	
Støy (samferdsel)	OK	
Vatn og avlaup	Nei	
Statlege planretningslinjer	Delvis	
Arealstrategi	OK	
Barn og unge	OK	Ingen spesielle forhold
Anna		

### Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Deler av teig nr.2, ligg i det eksisterande hyttefeltet på Rolistølen. Denne delen av Rolistølen ligger opp mot området som i dag er regulert til hyttebygging: Bjødnahelet. Sjølv om dette området i dag ikkje er regulert til ny hyttebygging, er det likevel eldre hytter plassert på teigen. Saman med Bjødnahelet blir dette i sin heilskap som eit samla hyttefelt. Området ligger på andre sida av vegen, og nedanfor i terrenget, frå Bjødnahelet, og området er allereie bebygd med hytter.

Det aktuelle området ligger langs eksisterande veg og VA, og ei fortetting i området kan bidra til å heve den tekniske standarden i det eksisterande hytteområdet, rydde opp i grenser og heve standarden på eksisterande innkøyrslar/veier. Det ligg i dag 10 hytter i området, på teigen til g/b 30/1. Området er derfor allereie påverka av utbygging og hytteferdsel.

På Artsdatabanken er det registrert eit elgråkk som går på tvers av området, sør for hyttene på Rolistølen. Elgråkket går ein god del lenger sør, og må takast omsyn til ved ei fortetting. Det har blitt observert Svartand sør for området i 1989, og eit nyare funn av granmeis i naboområdet i Bjødnahelet hyttefelt, i januar 2022. Området er klassifisert som innlandsås- og fjellandskap. Det økologiske grunnkartet viser at det ikkje er registrert freda arter. Det er heller ikkje registrert nokon arter av nasjonal forvaltningsinteresse, ingen rødlista-arter i området.

Hovuddelen av området er registrert som produktiv skog, type barskog, men med et tverrgående område med lite produktiv lauvskog. Barskogen har låg bonitet. Skogen på området er hovudsakleg registrert som skog på 79 år med ei blanding mellom gran 44%, furu 27% og lauv 27%. Området er stort sett dominert av gran. Deler av området er dyrkbar jord. Den dyrkbare jorda er registrert som dyrkbar jord i verdiklasse 1, med "noko verdi". Området er ikkje tidlegare dyrka opp og er skogkledd med hytter innimellom. Arealet framstår som fragmentert og eignar seg ikkje til dyrking, beiteareal eller landbruksareal.

Det er ikkje registrert nokon viktige livsmiljø, slik som bekkekløfter, gamle trær, spesielle naturtypar eller nøkkelbiotopar. Det er ingen registrerte vassdrag eller bekkedrag i området. Det er registrert myr sør på teigen, men ein god del nedanfor hyttefeltet. Området er ikkje flaum- og skred/rasutsatt. Det er registrert nokre kulturminne på området, noko det må takst omsyn til dette i vidare arbeid. Det er snakk om kolframstillingsanlegg og jernvinneanlegg. Området er allereie påverka av inngrep, og fragmentert i mindre deler noko som gjer det eigna til fortetting.

### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet blir teke inn i plan

## **Internnummer: 77 Klyppmyrhaugen – Beitostølen**

G/Bnr: 3/3

Størrelse:


Planstatus:

Område: Klyppmyrhaugen – Beitostølen

### **Innspelet:**



Fortetting inne i eksisterende reguleringsplan. Kulturminne til boligbebyggelse. Foreslår 5 tomter.



Figur 6. Frå reguleringsplanen.

### **Vurdering:**

Endring av arealformål er i konflikt med kulturminne. Dette er ikkje søkt friggitt, men kommunen ynskjer at dette blir gjort. Dette vil truleg gi fem nye bustadtomter. I KU og ROS-analysen ser ikkje kommunen nokre konflikatar utover det at arealet i gjeldande reguleringsplan er avsett til kulturminne.

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner		Usikker på om det er aktuelt å frigi dette.
Naturmiljø	ok	Torv/myr
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	Ingen spesielle forhold.
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	ok	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Del av gnr. 3, bnr. 3 ligg sør for Sindervegen, og området grensar mot bustadeigedommen 3/341 og eigedommen 3/1227 i aust. I sør ligg bustader i Klyppemyrhaugen bustadfelt, i vest ein eldre hytteeigedom og i nordvest eigedommen 3/72. Nord for Sindervegen ligg fellesbeite.

I gjeldande reguleringsplan for Klyppemyrhaugen er del av teigen gnr. 3, bnr. 3 regulert til spesialområde, bevaring av kulturminne, K2 på plankartet. Grunneigar ynskjer å nytte teigen til einebustader. Han ønskjer at det vert søkt om dispensasjon frå kulturminnelova, og ev. grave ut kulturminneområda, slik at arealet kan nyttast til bustadbygging. Teigen er austvendt øvst, og sørvendt nedst, og er solrik og med fin utsikt.

Innafor området ligg eit jernvinneanlegg og to frittliggjande kolgroper. Fylkeskommunen har i 2019 uttala: «*Bygging her vil kreve endring av planen. Må på nytt offentlig ettersyn og sendes Riksantikvaren (vi sender den dit). Vil trolig medføre krav om utgraving, som tiltakshaverne må dekke. Det er relativt kostbart å grave ut slike anlegg - ikke alltid krav om utgraving. Vil trolig kunne få disp.*»

I brev av 05.04.2022 stadfestar Innlandet fylkeskommune denne uttalen som framleis står ved lag. Fylkeskommunen presiserer at denne uttalen berre gjeld det kulturvernfarelege, og at andre fagområde ikkje har uttala seg i saka. I brev av 05.04.2022 heiter det vidare: «*Selv om det er fylkeskommunen som har myndighet til å gi dispensasjon jf. Kulturminneloven § 8 første og fjerde ledd, er det ikke opp til oss alene å ta avgjørelsen. Dersom Kulturhistorisk museum i Oslo er uenig i fylkeskommunens vurdering, går saken til Riksantikvaren for avgjørelse.*»

#### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet blir teke inn i plan

## **Internnummer: 78 Klyppmyrhaugen - Beitostølen**

G/Bnr: 3/16 og 3/24


Størrelse:

Planstatus:

Område: Klyppmyrhaugen – Beitostølen

#### **Innspelet:**

LNFR til fritidsbebyggelse og boligbebyggelse. Skiløype er etablert gjennom området.



Figur 7. Kvit linje er skiløype, regulert i reguleringsplan. Til venstre er det ynskjeleg med ei tomt til boligbebyggelse, til høgre fritidsbebyggelse



Figur 8. Frå forslagsstillar.

**Vurdering:**

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	Ingen registrert i innspeleingsområde
Naturmiljø	Ok	Øvre del av innspelet er djup myr, eller torv/myr.
Samfunnssikkerheit (ROS)		Bekk gjennom – aktsomhetsområde flaum
Støy (samferdsel)	Ok	Ingen spesielle forhold
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer	Delvis	
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

KU og ROS-analysen har ikkje avdekkja forhold så gjer at kommunen ikkje tilrår ei utbygging av arealet. Arealet må likevel ivareta sone til skiløype og det er også tenkt at tomte til bustadhus må byggast ut på ein varsam måte i terrenget, grunna tomte si utforming. Det vil vere krav om reguleringsplan før ev. deling og bygging.

#### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

##### Bustad:

Dette området ligg mellom regulerte felt Klyppemyrhaugen som er kommunalt bustadfelt i vest, og hyttefelte Haugsynlie og Lomtjednlie i nord og aust. Dei foreslår ei ekstra bustadtomt inntil Klyppemyrhaugen, med vegtilkomst frå Klyppemyrvegen. Tomte er ca. 2 dekar. Arealet er noko myr og ein kolle. I dette forslaget er det også ei justering av eksisterande skiløyper som vist på kartet. Dette blir ei lita fortetting av bustadfeltet og ei lita utviding av hytteområdet, og det ligg teknisk infrastruktur i bakken der ein kan kople seg til. Området har spreidd bjørkeskog og litt fuktig, men med gode grunnforhold og god byggjegrund.

Skiløypa kan justerast litt, utan å få dårlegare kvalitet enn i dag. Planlagd bustad vert ein naturleg del av bustadfeltet Klyppemyrhaugen, med vegtilkomst direkte frå vegen i bustadfeltet. Området har svak helling mot sør, og det er ingen fare for ras eller skred. Det renn ein bekk gjennom området, i grensa mellom bustadområde og hytteområde, og ved regulering må det setjast av eit vegetasjonsbelte langs bekken.

##### Fritidsbustad:

Dette området ligg mellom regulerte felt Klyppemyrhaugen som er kommunalt bustadfelt i vest, og hyttefelte Haugsynlie og Lomtjednlie i nord og aust. Arealet nærast eksisterande hyttefelt foreslår vi som utviding av hytteområde frå teigane 3/16 og 3/24. Vegtilkomst frå snuplass i Haugsynlie. Arealet på hytteområdet er 15 dekar. Noko av arealet er myr, og det må undersøkjast djupna på myra før reguleringsplan. Dette blir ei lita utviding av hytteområdet, og det ligg teknisk infrastruktur i bakken der ein kan kople seg til.



Området har spreidd bjørkeskog og litt fuktig, men med gode grunnforhold og god byggjegrunn. Ein del av småskogen må hoggast for å byggja hytter, veg og VA. Tiltaket vert ei naturleg utviding av eksisterande hytteområde, og planlagd ein ny bustad vert ei naturleg utviding av bustadfeltet.

Skiløypene vert justert, men får ikkje dårlegare kvalitet enn dei har i dag. Det er ein naturleg vegtilkomst frå hytteveg i nord. Området har svak helling mot sør, og det er ingen fare for ras eller skred. Det renn ein bekk gjennom området, i grensa mellom bustadområde og hytteområde, og ved regulering må det setjast av eit vegetasjonsbelte langs bekken.

### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet blir teke inn i plan, bustad og fritidsbustad.

## **Internnummer: 79 Javnlie**

G/Bnr: 20/13

Størrelse:

Planstatus:

Område: Javnlie

### **Innspelet:**

Det er ynskje om fortetting og utviding av området i Javnlie. Det er ynskje om 9 tomter. Deler av innspelet er innanfor området som er regulert til fritidsbeyggelse – framtidig. Resten ligg i LNFR.



Figur 9. Frå forslagsstillar



Figur 10. Utsnitt av teig frå kommuneplanen sin arealdel.



### **Vurdering:**

Kommunen har berre vurdert areal som ligg inne i eksisterande reguleringsplan. ROS og KU analyse har ikkje avdekka nokre særlege negative forhold til fortetting inne i reguleringsplan. Skal det likevel byggast meir her, er det krav om ny reguleringsplan og oppheving av eldre plan. Areal til fritidsformål vil ikkje gå utover grensene til eksisterande reguleringsplan.

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	Ok	Ingen registrerte
Naturmiljø	Ok	Delvis torv/myr og morene
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	Ingen spesielle forhold
Støy (samferdsel)	IR	
Vatn og avlaup	Nei	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi	Ok	For området som ligg inne i alt regulert område.
Barn og unge		
Anna		

### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår ikkje ei utviding av hytteområdet, men fortetting av 4 tomter innafor området sett av til fritidsbebyggelse.

## **Internnummer: 80 Luskeråsen**

G/Bnr: 34/1, 36/8, 36/18 og 38/8

Størrelse:

Planstatus:

Område: Luskeråsen

### **Innspelet:**

Ynskjer vidareføring av regulert arealbruk og eventuell utviding av området.



Figur 11. Luskeråsen

**Vurdering:**

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	Ingen registrerte i området
Naturmiljø		
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	Ingen spesielle forhold
Støy (samferdsel)	Ok	Ingen spesielle forhold
Vatn og avlaup	Nei	
Statlege planretningslinjer	Ok	
Arealstrategi	Ok	
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

**Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår vidareføring av eksisterande føremål.

**Internnummer: 82 Beitostølen – Dalejordet/Dalestølen**

G/Bnr: 3/6 og 3/1139


Størrelse:

Planstatus:

Område: Beitostølen – Dalejordet/Dalestølen

**Innspelet:**

Det er ønske om fortetting og arealbruksendring. Området er i dag regulert gjennom reguleringsplan, der arealformåla er jord- og skogbruk, herberge og bevertning. Ynskja regulering er i hovudsak fritidsbebyggelse og næring.



Figur 12. Dalestølen/Dalejordet

### **Vurdering:**

Arealet ligg i Beitostølen, i det me har definert som indre sentrum. Kommunen er positiv til ei endring av arealformål som vil innebere at reguleringsplan i området vil bli overstyrt av arealdelen. Det er krav om ny reguleringsplan før ev. deling og bygging. KU og ROS-analysen har avdekket få negative konsekvensar av arealendring.

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	Ok	Ingen registrerte
Naturmiljø	Ok	Ingen spesielle forhold
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	Ingen spesielle forhold
Støy (samferdsel)		Gul støysone langt inne i fyrste teigen (L1)
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer	Ok-	
Arealstrategi	Ok	
Barn og unge	Ok	
Anna		

### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Delar av arealet er fulldyrka jord og overflatedyrka jord, i tillegg til noko uproduktiv skog og ein bekk som renn i nordvest.

Forslaga komplementerer utbyggingsområda nord for Fylkesvegen - mellom Beitostølen Handelshus i aust til Beitostølen sentrum i vest. Framtidig utbygging må tilpassast eksisterande infrastruktur og grønstruktur. Utbygginga skal bidra til fortetting og samtidig tilpassast karakteren til strøket og formast ut slik at det i lita grad gir fjernverknad. Foreslått utbyggingsmønster viser størst utnyttingsgrad i sør - mot fylkesvegen og avtrappande utnyttingsgrad og byggjehøgder oppover i terrenget for best tilpassing til landskap/terreng og omkringliggjande busetnad.

Områdd S1 er regulert til byggjeområde i reguleringsplan for Dalestølen. Arealformål og utnyttingsgrad blir søkt justert. Ei utbygging av området vil gi få/ingen negativ effekt på natur og miljø, medan for samfunn er effekten positiv. Området ligg innanfor gangavstand til Beitostølen sentrum, nært Bygdinvegen (kollektivtrafikk) og etablert infrastruktur (VVA, fjernvarme mm).

Området (L1) er dyrka og regulert til landbruk. Ei utbygging vil gi negativ effekt innan temaet Landbruk, medan for Samfunn er effekten vurdert positiv. Området ligg innanfor gangavstand til Beitostølen sentrum, nært Bygdinvegen (kollektivtrafikk) og etablert infrastruktur (VVA, fjernvarme mm). Forretningsareal i underetasjen (vendt mot vegen) kan bidra til utvikling av Beitostølen som reisemål og er vurdert som ei naturleg fortetting mellom Beitostølen Handelshus og Bjelbølstølen. Eigen tilkomst/parkering til forretningsarealet vil vera positivt når det gjeld til å sikra eit ryddig/oversiktleg trafikkbilete.

Området er regulert til SP2-a – bevaring av kulturlandskap og bygningar i reguleringsplan for Dalestølen. Arealformål og utnyttingsgrad blir søkt justert. Ei endring er vurdert som svakt negativ når det gjeld kulturmiljø. Ei utbygging av området vil gi få/ingen negativ effekt på natur og miljø, medan for samfunn er effekten positiv. Området ligg innanfor gangavstand til Beitostølen sentrum, nært Bygdinvegen (kollektivtrafikk) og etablert infrastruktur (VVA, fjernvarme mm).

Området SP2-B er dyrka og regulert til landbruk. Området har i følgje grunneigar aldri vore pløgd. Ei utbygging vil gi negativ effekt innan temaet Landbruk og er vurdert negativt når det gjeld området bevaring av kulturlandskap og bygningar i gjeldande plan. For Samfunn er effekten vurdert positiv. Området ligg innanfor gangavstand til Beitostølen sentrum, nært Bygdinvegen (kollektivtrafikk) og etablert infrastruktur (VVA, fjernvarme mm). Tilkomst til området kan leiast frå Øvrevegen slik at ein unngår kryssing av skiløypa i Grønåsvegen

### **Tilråding:**

Kommunaldirektør tilrår at området vert teke inn i planen. Delar av området bør nyttast til turveg/skiløype i samsvar med gjeldande plan og med eit grøntdrag langs turvegen/skiløypa. Området ned mot Bygdinvegen bør nyttast til næring. Øvre del av området kan nyttast til fritidsbusetnad med god utnytting. Reguleringsplan vil avklare arealbruken nærare.

## Internnummer: 83 Grønslie

G/Bnr: 2/1


Størrelse: Rundt 8,4 daa

Planstatus: Reguleringsplan som gjeld – området er satt av til friluftsområde. Dette gjeld A4 og A5 i forslaget.

Område: Grønslie


### Innspelet:

Ynskjer utviding av innanfor og utanfor eksisterande reguleringsplan. Det ligg bevaringssoner og faresoner rundt området.




Figur 13. Frå KPA.





Figur 14. Eksisterende reg.plan



Figur 15. Forslaget til nye byggeområder.

### **Vurdering:**

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	2 kulturminner i øvre del
Naturmiljø	Nei	Viktige naturtyper (av moderat til svært høg kvalitet) og arter som er trua i området. A-områder(skog). Også funksjonsområde for arter/trekkruke

Samfunnssikkerheit (ROS)		Skredområde og aktsomhetsområde for flaum i deler av området
Støy (samferdsel)	Ok	Ingen spesielle forhold.
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer	nei	
Arealstrategi		Delvis
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

#### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

A4 - Berører ikkje område registrert med viktige naturtypar - Nin (Mdir), eller registrert raudlista artar. A5 - Ram naturbeitemark med låg kvalitet der naturmangfald er vurdert til lite basert på at lokaliteten er av liten storleik. Det er registrert 1 habitatspesifikk art. Ingen raudlisteartar er registrerte og ingen raudlisteartar er kjende frå før.

Innspelsområdene ligg i vernskogbeltet rundt Grønolshøvda. A4 er registeret som skog med middel bonitet og består i hovudsak av impediment skog og open jorddekt fastmark. Delar av innspelsområde A5 er registrert som dyrbar jord. A4 og A5 er foreslått i forlenging av eksisterande felt og blir knytt til etablert infrastruktur – veg og Va. Innspelsområda ligg i same høgd og landskapsrom som eksisterande hyttar.

#### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i plan

## **Internnummer: 84 Javnlie**

G/Bnr: 17/1

Størrelse:


Planstatus:

Område: Javnlie


#### **Innspelet:**

Det er tre teigar som blir spelt inn. Der områda i hovudsak er sett av til LNFR, noko er sett av til fritidsbusetnad. Det er ynskje om fritidsbusetnad på alle teigane. Hovudsakleg


arealbrukendring, noko fortetting.



Figur 16. Innspel 1. På veg inn til Javnlie, Vinstervegen. Javnberget til venstre.



Figur 17. Innspel nr 2. Skiløypa går gjennom teigen. Deler av teigen går innunder fortetting, resten blir arealbruksendring.



Figur 18. Innspel nr 3. Teigen ligg i LNFR

### **Vurdering:**

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	Ok	Ingen kulturminner registrert på innspel 2 og 3. 3 fjernmålte kulturminner på innspel 1
Naturmiljø	Ok	Ingen spesielle forhold
Samfunnssikkerheit (ROS)	Delvis	Noko aktsomhetsområde – flaum. Skredfare i innspel 1
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	Nei	
Statlege planretningslinjer	Delvis/nei	
Arealstrategi	Delvis	Noko fortetting i innspel nr 2
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

### **Tilråding:**

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.



## Internnummer: 85 Området over Bjødnabakkane

G/Bnr: ¾ og 3/17

Størrelse:

Planstatus:

Område: Området over Bjødnabakkane

### Innspelet:

Omregulering av området. Det er i dag regulert til idrettsområde – framtidig og LNFR.



Figur 19. Frå forslagsstillar, oversikt over innspelsområde.

### Vurdering:

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	Ingen registrerte
Naturmiljø	Ok	Blanding av torv/myr og morene. Naturtyper av moderat kvalitet i øvre del
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	Ingen spesielle forhold
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer	Nei	
Arealstrategi	Nei	
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

### Tilråding:

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.



## Internnummer: 88 Tjednbakkane – Beitostølen

G/Bnr: 15/27


Størrelse:

Planstatus:

Område: Tjednbakkane – Beitostølen.

### Innspelet:

To nye tomter knytt til eksisterende hytteområde. Området er regulert gjennom reguleringsplan. Areal er satt av til offentlig friområde, friluftsområde og anna felles areal.



Figur 20. Frå reguleringsplan



Figur 21. Frå forslagsstillar. Tenkt plassering av dei to tomtene

## Vurdering:

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	1 kulturminne registrert
Naturmiljø	Ok	
Samfunnssikkerheit (ROS)	OK	Ingen spesielle forhold
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	OK	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

## Tilråding:

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.

## Internnummer: 89 Tjednbakkane, nedover mot Åbortjernet

G/Bnr: 3/16, 3/26 og 15/27.


Størrelse:

Planstatus:


Område: Tjednbakkane, nedover mot Åbortjernet

## Innspelet:

Ynskjer arealbruksending, i hovudsak til fritidsbustad.



Figur 22. Frå forslagstillar. Utsnitt av eksisterande planar i område



Figur 23. Frå forslagstillar. Forslag til ny arealbruk

### **Vurdering:**

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	Ok	Nokre kulturminner i området.
Naturmiljø		Noko naturtype av høg kvalitet
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	
Støy (samferdsel)		Ingen spesielle forhold
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	
Anna		

### **Tilråding:**

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.



## Internnummer: 90 Mellom Sindervegen og Klyppmyrvegen

G/Bnr: 3/72


Størrelse:

Planstatus

Område: Mellom Sindervegen og Klyppmyrvegen

### Innspelet:


Området er sett av til firmahytter, skogbruk, parkering og LNFR. Ynskjer omregulering til tett fritidsbusetnad.



Figur 24. Den aktuelle teigen. Arealformåla i eksisterande KDB



Figur 25. Ortofoto av området



Figur 26. Forslag frå forslagsstillar

### **Vurdering:**

Kommunen ser det som meir formålstenleg å bruke arealet til utviding av bustadområde på Klyppemyrhaugen. Me ser dette også i samheng med naboteigar og vil endre arealformålet på større deler av arealet i området. KU og ROS-analyse har ikkje avdekket nokre negative konsekvensar. Det vil bli krav om reguleringsplan før deling og bygging.

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	Ok	Par kulturminner
Naturmiljø	Ok	Funksjonsområde gjennom. Torv/myr
Samfunnssikkerheit (ROS)		Ingen spesielle forhold
Støy (samferdsel)		Truleg noko støy frå veg.
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	
Anna		

### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Arealet er alt avsett i kommunedelplan for Beitostølsområdet. Ei endring der arealet blir nytta til bustader i staden for, vil bety mindre prosentvis utnytting som vil vera positivt for naturmiljøet.



### Tilråding:

Kommunedirektør tilrår at området blir teke inn i planen som bustadområde.

### Internnummer: 91 Stakkstølie

G/Bnr: 3/3 og 3/476


Størrelse:

Planstatus:


Område: Stakkstølie

### Innspelet:

Arealbruksendring. Ynsker fritidsbebyggelse i området.



Figur 27. Frå forslagstillar. Dei to aktuelle teigane



Figur 28. Frå forslagsstillar. Forslag til ny arealbruk. Området er bak fjellgrensa.

### **Vurdering:**

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	ok	Ingen registrerte kulturminner
Naturmiljø	Ok	Torv/myrdekke. Ingen spesielle forhold
Samfunnsikkerheit (ROS)	Ok	Bekk gjennom nedre del. Aktsomhetsområde
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi	Nei	
Barn og unge	Ok	
Anna		

### **Tilråding:**

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.

## Internnummer: 92 Robøle/Mehovd

G/Bnr: 30/1, teig 4


Størrelse:

Planstatus:

Område: Robøle/Mehovd

### Innspelet:

Arealbruksendring, ynskjer å omregulere frå LNFR til fritidsbebyggelse.



Figur 29. Den aktuelle teigen i mørkgrøn omriss. Området til masseuttak i overkant.

### Vurdering:

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	1 reg. kulturminne
Naturmiljø	OK	
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	Aktsomehtsområde flaum i nedre del
Støy (samferdsel)		Ingen spesielle forhold
Vatn og avlaup	Nei	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi	Nei	
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

### Tilråding:

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen

## Internnummer: 93 Ved yttergrensa til Robølshøvda hyttefelt

G/Bnr: 30/1, teig 3


Størrelse:

Planstatus:

Område: Ved yttergrensa til Robølshøvda hyttefelt.

### Innspelet:

Arealbruksendring frå LNFR til næring. Ynskjer å nytte området til mikrohytter/uteleige.



Figur 30. Grensa mellom KPA og KDG i svart tjukk strek. Akutell teig i mørkgrønt omriss.

### Vurdering:

Arealet vil bli regulert til LNFR (*spredt næringsbebyggelse 5230 – framtidig*). Grunneigar ynskjer å nytte teigen til å setje opp mikrohytter som kan nyttast til utleige. Reguleringsplan vil bli påkrevd. Kommunen har ikkje avdekkja nokon negative forhold i KU og ROS-analysen.

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	Eit par kulturminner registrert i teigen
Naturmiljø	ok	
Samfunnssikkerheit (ROS)	Ok	Ingen spesielle forhold
Støy (samferdsel)	IR	
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

### Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Området er lokalisert på Ørnshaugen, på gbnr. 30/1, teig nr.3. Teig nr 3 strekkjer seg frå Sollien/Robølshøvda i aust, i retning Vindin i Vest. Teigen ligg parallelt med det nyetablerte og

regulerte hytteområdet Robølshøvda del 1. Området er skogkledd, og er ein del av eit nærturterreng til buande i Robølsbygda og på hyttene i området. Området blir ønskt regulert til skoghytter for økoturisme i tilknytning til den framtidige drifta på Robøle Nedigard gnr/ bnr 30/1. Ei forsiktig etablering av skoghytter, vil i praksis bli ei naturleg forlenging av det allereie utbygde hytteområdet Robølshøvda del 1. Teigen ligg mellom området som er regulert til nye hytter og den eksisterande bygda. Det er allereie infrastruktur/veg inn til teigen, så behovet for store terrengingrep er lite. Dette tiltaket er i tråd med arealstrategien, ved å ta vare på naturen som grunnlag for oppleving og aktivitet, samtidig med ei alternativ fortetting av området.

Området er ikkje utsett for flaum, skred, stormflod eller stigning i havnivå. Prognosar frå klimaservicesenteret.no viser til eit varmare og våtare klima, og ca. 50% kraftigare regnskylle og meir ekstremvêr. Området har naturlege terreng og naturleg drenering av vatn. Overvatn er ikkje vurdert som eit problem. Me ønskjer å ta høgd for meir ekstremvêr i utforminga og plasseringa av hyttene, slik at utbygginga ikkje fører til skadar på skog og bygg.

Området er registrert som produktiv skog av låg bonitet, type barskog. Det er ikkje dyrkbar jord i området, med unntak av nokre område i ytterkantane av teigen. Desse registrerte områda med dyrkbar jord er klassifiserte med "noko verdi - ikkje tidlegare dyrka" hos Nibio. Skogen er i alderen 73-86 år, og stort sett furudominert, men med område med barblanding. Det er ikkje registrert noko verneskog eller naturvernareal i området. Det er ikkje registrert nokon elvar, bekkedrag eller myrar i området, og heller ingen andre viktige livsmiljø slik som kløftar og gamle tre. Det går ein traktorveg på tvers av området i vest, og nokon stiar igjennom området. Det er ikkje registrert nokon raudlista/truea/svartlista artar i området. Heller ingen registrerte artar av nasjonal forvaltningsinteresse. På området er det registrert enkeltliggjande, automatisk freda kolgroper.

#### **Tilråding:**

Kommunedirektøren tilrår at området vert teke inn i planen.

## **Internnummer: 95 Beitostølen, nedanfor campingen**

G/Bnr: 4/3

Størrelse:


Planstatus:

Område: Beitostølen, nedanfor campingen.

#### **Innspelet:**



Arealbrukendring. Frå anlegg for sport og idrett til næring, evt. fritidsbusetnad. Området er regulert gjennom reguleringsplan. Ynskjer leilegheiter.



Figur 31. Det velle området med mørkegrønt omriss.

### **Vurdering:**

<b>Tema</b>	<b>Status</b>	<b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>
Kulturminner	Ok	
Naturmiljø	Ok	
Samfunnssikkerheit (ROS)		Noko aktsomhetsområde for flaum
Støy (samferdsel)	Ok	Er i nærleik av veg, men ikkje i støysone
Vatn og avlaup	Ok	
Statlege planretningslinjer		
Arealstrategi		
Barn og unge	Ok	
Anna		

### **Tilråding:**

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspellet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspellet ikkje blir teke inn i planen.

## **Internnummer: 96 Javnlie**

G/Bnr: 18/3

Størrelse:

Planstatus:


Område: Javnlie

### Innspelet:


Fortetting ved Svartetjednhøgde og endring av byggegrense (arealbruksendring) på hans teig, slik at det i samsvare med naboteigane.




Figur 32. Skiløypa går på andre sida av bekken.



Figur 33. Forslaget frå forslagsstillar.



Figur 34 Området slik det i dag er regulert i KPA.



Figur 35. Frå forslagsstillar.

**Vurdering:**

Tema	Status	Forklaring (kunnskapgrunnlag)
Kulturminner	Ok	Ingen registrerte i øvre del, eit par i grenseområda på nedre teig.

Naturmiljø	Ok	Funksjonsområde i nord – bergand (trua art)
Samfunnssikkerheit (ROS)		Aktsomhetsområde flaum, skredområde i nedre del
Støy (samferdsel)	Ok	
Vatn og avlaup	Nei	
Statlege planretningslinjer	Delvis	Noko faller innanfor/utanfor
Arealstrategi	Delvis	Noko faller innanfor/utanfor
Barn og unge	Ok	Ingen spesielle forhold
Anna		

**Tilråding:**

På bakgrunn av vurderinga frå mars 2022, har ikkje administrasjonen bedt forslagsstillar om å lage KU, sidan dette innspelet er i strid med planprogrammet eller andre føringar. Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.